

Høyringsutsegn frå pedagogane på Mo Oppvekstsenter, avd. skule.

Vi ønskjer med dette å få fram vår bekymring og sterke motstand mot forslaget om å flytte elevane på Mo Oppvekstsenter til SuBus. Dette meiner vi kjem til å få store, alvorlege konsekvensar for både barn, foreldre, tilsette, og ikkje minst lokalsamfunnet.

Liten skule kontra stor skule.

Talet på både elevar og tilsette ved SuBus er svært stort. Dette kan opplevast som utrygt for elevane, då dei ikkje vil kjenne alle rundt seg. Det er heller ikkje sikkert at dei som kjem frå Mo, får halde fram i same klasse. Det er stor skilnad for ein elev på til dømes 5. trinn frivillig å flytte inn i ei frå før godt etablert klassegruppe eller å kome, åleine eller berre saman med nokre få, inn i ei slik gruppe - utan å ha valgt dette sjølv.

På ein stor skule kan klassane bli så store at det blir vanskelegare å sjå kvar enkelt elev og deira behov. Vi er uroa for at det kan gi utfordringar med tilpassa opplæring, relasjonsbygging og bruk av varierte undervisningsmetodar. Det same gjeld førebyggingsarbeid, som krev nærleik og oversikt. Vi fryktar at dette kan føre til meir skulevegring, desto større og meir uoversiktleg skulen blir.

På Mo kjenner alle kvarandre, og vi er så heldige å ha eit arbeidsmiljø der alle lærarane samarbeider tett, uavhengig av klassetrinn. Vi har òg høve til å samarbeide nært med barnehagen, noko som gir ein heilskapleg og trygg overgang for barna. Breidda i dette fellesskapet er ein styrke for både elevar og tilsette.

På ein større skule som SuBus, der det er mange lærarar, ser det ut til at samarbeidet i større grad skjer innanfor kvart team eller klassetrinn. Vi er uroa for at vi som tilsette då kan miste noko av den nære kulturen, der alle er involverte og har eit felles ansvar for heile elevgruppa, ikkje berre for sitt eige trinn.

I tillegg kjem utfordringar knytte til kapasitet på spesialrom, som kunst- og handverksrom og gymsalar. Når elevtalet er så stort, vil det lett oppstå knappheit på slike ressursar.

Kva med symjeopplæring, som har vore prioritert på alle årstrinn på Mo? Vi stiller spørsmål ved kor mykje rom det vil vere for symjing på SuBus.

Arbeidsmiljø.

I eit stort arbeidsmiljø med mange tilsette kan nærleiken og oversikta bli mindre, og vi fryktar at både elevar og tilsette kan oppleve seg som «ein i mengda» i staden for å vere ein del av eit stabilt og tett miljø.

For personalet inneber ei slik omorganisering stor usikkerheit. Blir vi flytta over til SuBus, eller får vi heilt nye stillingar? Vi har krav på same lønn, så vi lurar på kor stor den reelle økonomiske vinninga for kommunen blir, og kva som faktisk blir spart på driftsutgifter.

Samstundes er det ein reell fare for lærarflukt frå Surnadal kommune dersom kompetente lærarar ikkje finn seg til rette i den nye strukturen. Kommunen må spare årsverk, og vi er usikre på kvar vi står i køen når det gjeld dei pedagogiske stillingane som blir att.

Vidare er vi uroa for at det kan bli mindre rom til å koordinere roller som spesialpedagog og andre stillingar som arbeider førebyggjande og tryggar elevar utan at det ligg føre ei sakkyndig vurdering.

Mo er ein trygg stad å vere nyutdanna lærar, og storleiken på skulen gjer at praksissjokket blir mindre. Dette kan ha stor betydning for rekrutteringa framover. Ikkje alle drøymmer om å jobbe på ein skule med fleire hundre elevar. Ein liten skule kan for mange vere ein trygg plass å starte yrkeskarrieren sin på.

Tidlegare elevar kjem gjerne tilbake på skyggedag, utplasseringsveke eller praksis. Dette er eit teikn på at elevane har hatt det godt og trygt her på Mo, og det kan vere svært positivt for rekrutteringa av både lærarar og barnehagelærarar til Surnadal kommune. Det at bygda har ein grendaskule kan vere svært viktig for at folk flyttar tilbake til heimbygda si. Med seg har dei god kompetanse som kommunen treng. Utan ein grendaskule vil bygda bli fattigare på så mange måtar.

Vi stiller òg spørsmålet: Kvifor leggje ned ein skule der vi har nok lærarar med god kompetanse, som både sikrar eit godt læringsmiljø og god undervisning?

Bruk av nærmiljøet.

På Mo har vi aktivitetar i nærområdet som legg til rette for lek og samspel på tvers av klassane. Vi har “Eventyrskogen” vår, bedrifter vi kan besøke i nærleiken, og ikkje minst alle gardsbruka.

Elevane får moglegheit til å danne vennskap både i og mellom klassane, noko som bidreg til eit inkluderande og godt læringsmiljø. Ved ei flytting til SuBus er vi uroa for at desse naturlege møteplassane og leikemiljøa forsvinn. I dag bur dei fleste venene i nærleiken av kvarandre, og dei

kan sykle heim saman etter skuletid. Dette skapar sterke og verdifulle vennskap. Ved ei samanslåing vil det kome nye vennskap, men med lengre avstand mellom heimane blir elevane i større grad avhengige av at foreldre kan køyre dei.

Overgangen mellom barnehage og skule.

Overgangen frå barnehage til skule er òg ein viktig faktor. Mo skule er liten og oversiktleg, noko som gjev tryggleik for elevane. Dei kjenner lærarane og dei fleste elevane allereie frå første skuledag. Dei yngste elevane som byrjar i 1. klasse har enno ikkje fylt 6 år i august.

Transport.

Transport er eit anna svært viktig moment. Eit stort bussområde med mange bussar kan skape utryggleik, spesielt for dei yngste. Vi stiller spørsmål ved korleis tryggleiken på bussane blir ivareteken med eit så stort aldersspenn. Lang ventetid på buss for dei som ikkje har SFO, er òg ei stor utfordring.

Konklusjon.

Samla sett meiner vi at ei nedlegging av Mo skule vil føre med seg store utfordringar både for elevar, foreldre og tilsette. Vi er bekymra for tryggleiken, det sosiale miljøet, læringsutbyttet, arbeidsmiljøet og rekrutteringa framover. Mo Oppvekstsenter er eit velfungerande oppvekstsenter med stor verdi både pedagogisk og sosialt. Slik vi ser det vil ei flytting av skulen få konsekvensar for både barn i barnehagen, elevar, foreldre og tilsette.

På Mo har vi opplevd kort veg mellom lærarar og leiing, med ein flat struktur som har bidrege til eit godt arbeidsmiljø. Vi fryktar at denne nærleiken vil gå tapt på ein stor skule.

Vi ber om at politikarane lyttar til både faglege, praktiske og menneskelege innspel – og ikkje minst til bygda.

Med vennleg helsing pedagogane på Mo Oppvekstsenter, avd. skule.

Beret Sande

Brit Marie Glæsen

Hennie K Fiske

Britt Løfald

Frida Stenberg

Ola Ragnar Gjøn